



ROMARHEIM ENTREPRENØR AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hallvard Hageberg, 5557 2318

Romarheim Entreprenør AS, melding om knuseverk, uttale frå Alver kommune

Vi viser til brev herifrå av 18.01.2022. Vidare viser vi til uttale frå Alver kommune, som følgjer vedlagt.

Om uttalen frå kommunen

Kommunen har vurdert om reguleringsplan for Alver Næringsområde sør, plan-ID 1263-201601, er til hinder for mellombels knuseverk for Romarheim Entreprenør. Konklusjonen til kommunen er:

"Når det gjeld etablering av mellombels knuseverk kan dette vera unntatt søknad og løyve i den grad tiltaket er direkte knytt til anleggsarbeidet på eigedomen og har ein avgrensa tidshorisont. Reguleringsplanen vil ikkje ha bindande verknad for eit mellombels tiltak, men materielle krav gjeld i den grad dei passar, jf. pbl. § 30-5. Tiltaket må likevel ikkje plasserast slik at det hindrar allmenn ferdsel eller friluftsliv, eller på annan måte fører til vesentleg ulempe for omgjevnadane.

Mellombels steinknuseverk der føremålet er foredling av massar for sal vil ikkje vera omfatta av unntaket frå søknadsplikt."

Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen har no stadfesta at reguleringsplanen ikkje er til hinder for etablering av eit mellombels knuseverk, når det ikkje vert produsert massar for sal.

Vi minner om at meldinga framleis manglar følgjande, jf. også brev herifrå av 18.01.2022:

- Utgreiing om støvdempingstiltak, jf. § 30-9 bokstav a)
- Støvvurdering av kompetent firma, jf. § 30-9 bokstav b) og § 30-11

Så snart desse opplysningane er sendt inn vil vi kunna slutthandsama meldinga.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

1 Brev frå Statsforvaltaren 18.01.2022

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4 5906 FREKHAUG